

# YouTube-fenomen blei komikarkarriere

Thomas Ryste har drøymt om å vere komikar sidan han var ti. Etter «Klypa»-suksessen er bankjobben sagt opp.

**BODIL GARVIK**  
bodil.garvik@bt.no

– No føler eg at eg er komen heim. Eg lever draumen, seier Thomas Ryste, trebarnsforen frå Hovdebygda i Ørsta som inntil nyttår var kundehandsamar i Sparebank 1 Ørsta Volda.

– No slepp eg å site å tenkje «Klypa» når eg er i banken, og bank når eg har show, legg han til.

«Klypa» er konseptet han slumpa til å finne opp ein sommardag på Sunnmøre for sju år sidan, etter avslutta sivilarbeid på Trøndelag Teater.

– Eg var berre heime og spende småstein. Så hadde eg eit kamera som eg brukte når eg sat på fest og herma etter lokale heltar. Så fann vi ut at vi skulle filme i ein nedlagd kleklypefabrikk ...

## Overraskande

Og med det var «Klypa» fødd. I alle fall som filmsnuttar med elleville opptrinn med ikkje minst figuren Kjell «Kjellen» Bigset – den ill-sinte og retthaverske bussjåføren i Fjord 1.

Ei lokal rockescene ville ha Thomas Ryste og figurane hans i showversjon, og «Klypa» vart raskt, og overraskande for opphavsmannen, ein lokal suksess.

– Vi trudde det skulle kome toppen femti folk, medrekna moderen og bestemoderen. Det vart fullt.

Sidan har det gått scenevegen for ørstingen, som har studert både kommunal planlegging, økonomi og psykologi.

Det siste showet, «Klypa 2009», kan oppsummere over 30.000 selde billetter. I Bergen hadde showet sytten utselde framsynin-



**BUSSJÅFØREN:** Figuren Kjell «Kjellen» Bigset, her i gong med svelerøre.

FOTO: STEIN-TORE EIKESSTAD

gar. Difor kjem Ryste til byen nok ei runde, med seks framsyningar på Rick's med start i kveld.

– Det er ikkje så lenge sidan folk trudde vi var galne som skulle heilt til Ålesund med showet, seier han.

## Tre millionar nedlastingar

Truleg kan eks-bankmannen takke YouTube for mykje av suksessen. For dei fire-fem «Klypa»-snuttane har hatt tre millionar nedlastingar sidan filmene vart lagt ut for tre år sidan.

I tillegg nærmar «Klypa» på DVD seg platina, med 9000 selde eksemplar. For Thomas Ryste er det litt uverkeleg.

– At det skulle ta så fullstendig av hadde eg ærleg talt ikkje trudd, medgir han.

Noko av årsaka til at skikkel-sane hans har vorte så populære trur han handlar om at folk kjenner dei igjen.

Som den godt vaksne rånaren «Palle», som sel heimebrent og smuglarsigarettar, og køyrer rundt med smårips i baksetet.

– Han finn du over alt, meiner Thomas Ryste.

«Strila-Petter» er oppvaksen i traktene rundt Bergen, og prega av å ha Tourettes syndrom.

– Han er spesielt populær i Bergen, har Thomas Ryste erfart. Men han har slutta å parodierte sambygdingar på scenen, fortel han:

– Dei første åra herma vi direkte frå lokale personar. Det var kjekt til å begynne med, men så blei det mykje kjeft. Eg måtte ha hemmeleg telefonnummer. Då slutta vi med det.

«Vi kallar «Klypa» ei svelerøre. Tek du vekk ein ingrediens, vert det ikkje sveler

THOMAS RYSTE

Thomas Ryste poengterer at dei er fleire om «Klypa»:

– Det er bror min Hans-Vegard Ryste, som både skriv, redigerar og lagar film, Tor-Erik Krøvel tar seg av booking, og Knut Steinnes som gjer alt mogleg.

Og slik vil han ha det; også når nytt show med premiere i september no skal snikrast. Enkelte har ymta om at han burde knytte til seg eksterne, proffe tekstforfattarar. Men Thomas Ryste seier nei.

– Vi kallar «Klypa» ei svelerøre. Tek du vekk ein ingrediens, vert det ikkje sveler.

Sjå video på [bt.no](http://bt.no)

## Treffsikkert og underholdende

### scene teater

**NONcompany**

**Rekonstruksjoner**

**Studio USF**

Glimrende manus pluss glitrende skuespillere er lik veldig godt teater.

«Rekonstruksjoner» er den syvende forestillingen til NONcompany. Lise Risom Olsen har stått for manus og regi og har skapt en teaterforestilling full av magi og vakre øyeblikk.

Skuespillerne sitter inntil veggen på hver sin stol. Midt på gulvet er en del av scenen rammet inn, full av små jernkuler. Dette gjør at alt skuespillerne fortar seg skjer på «gyngende grunn», som det heter i programheftet, og sklir rundt.

På gyngende grunn er også en passende fellesbetegnelse på de mer eller mindre hverdagsgale personene vi møter i stykket. På denne måten får publikum god kjennskap til karakterene fordi vi både kjenner deres «innerste tanker» og hvordan dette virker når de møter på hverandre.

«Rekonstruksjoner» er humoristisk og absurd, men ikke absurd på den måten at man ikke forstår hva som egentlig skjer eller at virkemidlene blandes til at det er bare estetikk igjen. I «Rekonstruksjoner» er historien befriende klar med et høydepunkt som tidlig virker uunngåelig. Det er helstøpte karakterer i en logisk oppbygd dramaturgi. Men oppi alt dette finnes det også mange deilige drømmende brudd.

«Rekonstruksjoner» ligner svært lite på noe jeg har sett på en scene tidligere, derimot får man filmfølelse av både karakterer og oppbygning. Det minner på en herlig måte om mange filmer på en gang, alt fra Magnolia, True Romance til Hawaii Oslo. Og filmatiske virkemidler funker visst så det suser, også på scenen.

Historiene er både rørende, humoristiske og triste. Dialogen og samspillet er skjørt, men intenst. Men det som virkelig gjør dette til en spesiell teateropplevelse er ønsket om å formidle noe mer. Jo visst er lengsel, ensomhet og jakten på kjærlighet godt å se virkningsfullt iscenesatt, men «Rekonstruksjoner» tar det videre.

I den tidvis magiske dialogen kommer andre problemstillinger frem og



**FUNKER:** Filmatiske virkemidler funker så det suser, også på scenen, skriver vår anmelder.

FOTO: MARTE ROGNERUD

«de store» spørsmålene ligger der som bakteppe; revolusjonen, terrorisme, spørsmål rundt livskvalitet og

meningen med både livet og kunsten. Imponerende i alle ledd.

CHARLOTTE MYRBRÅTEN